

## **Holmedal montessoriskule**

### **Årsmelding for 2012**

Holmedal montessoriskule har vore i vanleg drift heile kalenderåret. Tilsette har vore: Rektor: Oddveig Lyngstad. Lærarar: Dagny Sagosen Haugsvær (permisjon til desember), Olga Ask, Ann Mari Søreide, Liesbeth Fokker, Ank de Jong, Even Bøthun, Are Morten Follevåg (til oktober), Henny Vågane (lærar/ass./kontormedarbeidar), Helga Karlsen (lærar/ass.), Miriam Torillsdatter Harbo (lærar/ass. til oktober), Elin Vågen (frå mars) og Torbjørg Aasen.

Reinhaldar: Synnøve Krogenes. Når det gjeld musikkundervisning, har skulen kjøpt tenester hjå Kulturskulen i Askvoll. Bjarte England har hatt godtgjersle for noko vaktmeisterarbeid.

Styret har vore: Gaute Losnegård (leiar), Nina Rivedal (nestleiar), Jørgen Wiik, Lasse Stenseth (foreldrerepresentant) og Veroica Sandnes Helle (foreldrerepresentant). Vara: Ann Kristin Torsheim Ask og Alf Karsten Tveit. Representant for pedagogisk personale i styret: Ank de Jong. Representant for anna personale: Henny Vågane. Valnemnd: Monica Kjørvik og Kari Ringstad. Styret har hatt 7 møte i løpet av året.

Elevtalet var 46 ved årsskiftet 2011/12. Ved sommaren gjekk det ut 7 elevar på 7. trinn, medan 8 elevar i yngre årsklassar melde flytting til Askvoll skule. Det tok til 4 nye elevar om hausten, slik at elevtalet då vart 35. Styret vedtok etter søknad å ta inn ein elev frå Fjaler frå 1. januar 2013.

På grunn av situasjonen i august, med fleire flyttingar rett før skulestart, vedtok styret ein ny regel i inntaksreglementet med følgjande ordlyd: "Elevplassen må seiast opp med 3 månaders varsel, med verknad frå den 1. i påfølgjande månad. Ein må betale for elevplassen i oppseiingsperioden. Dersom elevplassen vert sagt opp etter 1. juni, må ein betale for dei tre første månadene kommande skuleår."

Skulen var om våren delt i to slik at 1.-3. trinn utgjorde gruppe 1 og 4.-7. trinn gruppe 2. Om hausten har skulen vore delt i tre slik at 1.-3. trinn utgjorde gruppe 1, 4.-5. trinn gruppe 2 og 6.-7. trinn gruppe 3. Skulen har gjeve tilbod om leksehjelp, og hatt SFO-ordning. Det vart gjeve tilbod om SFO to ettermiddagar i veka om våren og tre ettermiddagar i veka om hausten. I tillegg var det SFO elleve dagar i sommarferien.

Skulen fekk i juni sendt over skriv frå kommunen om overtaking av bygget og grunnen, utan at det var orientert om dette på førehand. Styret vedtok då at ein ønskjer å vidareføre leigeavtalen frå 2005, som vi ser som juridisk bindande. Kommunen er orientert om vedtaket.

Styret har i løpet av året arbeidd med planar for lagerskur/tilbygg, men på grunn av den økonomiske situasjonen på haustparten vart dei lagt til sides. Ei utbetring av taket på det austre bygget er førebels utsett. Av vedlikehald elles er golvet i gymsalen lakkert og det er utført nokre mindre målingsarbeid.

Dei tilsette deltok på Nordic Montessori Conference i Oslo 20. og 21. april. Alle elevane og dei tilsette var på skuletur til Karistova/Utvikfjellet.

Skulen har elles arrangert open dag og julemarknad slik som tidlegare år. I haust vart det også starta ei ordning med særlege foreldredagar/open skule. Det vart arbeidd med ny heimeside slik at denne vart klar over nyttår 2013.

Styret og skulen har elles arbeidd med planlegginga av landsmøtet for Norsk Montessoriforbund i 2013, som vert halde i Holmedal 20. og 21. april.

For styret ved Holmedal montessoriskule

Gaute Losnegård, leiar